

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	30.08.2012	087/12	TNE
Kommunestyret	27.09.2012	066/12	TNE

Avgjerslemynde: Kommunestyret Sakshandsamar: Tonje Nepstad Epland	Arkiv: K1-026 Objekt:	Arkivsaknr 12/1321
--	--	------------------------------

REVISJON AV AVTALEN FOR NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE BYGGETILSYN (NGIT)

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.06.2012	Gulen kommune	Godkjenning av revidert avtale om Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn
2	I	04.07.2012	Harald J. Stanghelle	Revidert avtale om vertskommunesamarbeid - NGIT

Vedlegg i saka:

Framlegg til revidert avtale for Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn, datert 27.04.2012.

Saksutgreiing:

Gjeldande avtale om interkommunalt byggetilsyn vart godkjent av Radøy kommunestyre i møte 16.09.2004, sak 051/04, med verknad frå januar 2005, og med Lindås kommune som vertskommune. Avtalen blir automatisk forlenga med 3 år om gongen og gjeld no fram til 01.01.2014.

Plan- og bygningslova (tbl) er endra etter 2005. På grunn av endringane, sett i verk 1.7.2010, er kommunane sine tilsynsplikter sterkt utvida jf. tbl kap 25 og 32. Ein vesentleg bakgrunn for endringane er auka byggeskadekostnader.

Som følgje av lovendringane var det nødvendig å revidere vertskommuneavtalen. Ved gjennomgang av avtalen viste det seg også å vere nødvendig å justere teksten i tråd med lovheimlane i kommunelova, dvs. i tillegg til endringane i høve til tbl. Samstundes er det fornuftig å tilpasse avtalen til formaliseringa av Nordhordland Digitalt – samarbeidet.

Fagstyret i Nordhordland Digitalt (ND) har i møte 27.04.2012 tilrådd å revidere gjeldande interkommunale avtale om tilsyn etter plan- og bygningslova i tråd med vedlegg, sist revidert 27.04.2012. Rådmannsutvalet i Region Nordhordland tok saka til orientering i møte 1.6.2012. Avtalen må behandles av kvart kommunestyre.

Samarbeidet blir utvida frå 9 til 10 kommunar dersom Vaksdal kommune ønsker å vere med.

Vurdering:

Tilsynsfunksjonen er endra frå å omfatte reine føretakstilsyn til også å omfatte tilsyn med konkrete byggeprosjekt og oppfølging av ulovlege tiltak. Det er vidare innført eit lovkrav om at kommunane skal fatte vedtak om ein tilsynsstrategi.

I den reviderte avtalen er samarbeidet utvida i tråd med dei nye krava. Det omfattar m.a. at tilsynsstrategien er teken inn i avtalen, og at vertskommunen (Lindås) får fullmakt til å følge opp tilsynet og eventuelle ulovlege tiltak på ein meir effektiv måte enn før, dvs. i staden for å sende saka tilbake til utgangskommunen. For å sikre at vertskommunen har kapasitet til å utføre oppgåva, er det lagt inn eit krav om at tilsynet skal bemannast med minimum ein tilsynsleiar + eit årsverk, og ha byggteknisk og juridisk kompetanse.

Kommunane melder sjølv inn sakene som ein ønskjer tilsyn på, som før. Tilsynsfunksjonen skal finansierast gjennom gebyr, jf. pbl § 33-1, som før. Dei fleste kommunane har allereie teke dette inn i gebyrregulativet sitt.

Sidan avtalen no gjeld fram til 01.01.2014, ser administrasjonen det som viktig at dei formelle sidene ved avtalen blir oppdatert.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommunestyre godkjener den reviderte avtalen for Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn, revisjonsdato 27.04.2012.

30.08.2012 FORMANNSKAPET

Ordføraren sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Då avtalen også gjeld ulovlege tiltak, opphevar ein med dette kommunestyrevedtak KS-029/10 frå møte 24.06.2010 ”Prosjekt ulovlege tiltak”. Eit prosjekt er av natur tidsavgrensa og for å sikra lik praksis i kommunane, er det naturleg at Radøy tilpassar seg det interkommunale arbeidet på området, jf. pkt. 3 i avtalen.

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak saman med ordføraren sitt tilleggsframlegg.

FS-087/12 VEDTAK:

Radøy kommunestyre godkjener den reviderte avtalen for Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn, revisjonsdato 27.04.2012.

Då avtalen også gjeld ulovlege tiltak, opphevar ein med dette kommunestyrevedtak KS-029/10 frå møte 24.06.2010 ”Prosjekt ulovlege tiltak”. Eit prosjekt er av natur tidsavgrensa og for å sikra lik praksis i kommunane, er det naturleg at Radøy tilpassar seg det interkommunale arbeidet på området, jf. pkt. 3 i avtalen.

27.09.2012 KOMMUNESTYRET

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

KS-066/12 VEDTAK:

Radøy kommunestyre godkjenner den reviderte avtalen for Nordhordland og Gulen inter-kommunale byggetilsyn, revisjonsdato 27.04.2012.

Då avtalen også gjeld ulovlege tiltak, opphevar ein med dette kommunestyrevedtak KS-029/10 frå møte 24.06.2010 ”Prosjekt ulovlege tiltak”. Eit prosjekt er av natur tids-avgrensa og for å sikra lik praksis i kommunane, er det naturleg at Radøy tilpassar seg det interkommunale arbeidet på området, jf. pkt. 3 i avtalen.